

Høyringsbrev

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland på offentlig høyring

Vi legg «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland» ut på ei brei, offentlig høyring i perioden 26. oktober til 23. november, jf. vedlegg 1.

Bakteppet for arbeidet vårt med regionreforma, er at fleirtalet på Stortinget vil ha tre forvaltningsnivå i Noreg: kommune, region og stat. Fleirtalet meiner samstundes at tal fylkeskommunar skal reduserast frå dagens 19 til om lag 10 regionar. Sogn og Fjordane er det nest minste fylket i folketal, medan vi har det 8. største arealet av fylka.

Fylkeskommunane fekk, i brev frå regjeringa 2. juli 2015, i oppdrag å gjennomføre «nabopraten» for å greie ut tenlege regionløyseringar. For oss var samarbeidet med Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland - gjennom Vestlandsrådet - eit naturleg utgangspunkt for slike samtalar. Møre og Romsdal gav våren 2016 tilbakemelding om at dei ikkje ønskte å ta del i samtalar som eventuelt kunne gje grunnlag for ei slik regionløysering.

Fylkeskommunane har frist til å kome med innspel til regionreforma i desember 2016. Reforma vil bli handsama i Stortinget i løpet av våren 2017.

Fylkestinget sitt vedtak

Bakgrunnen for høyringa er at fylkestinget 18. oktober 2016 gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på ei brei, offentlig høyring, der alle får høve til å sende høyringssvar, i perioden 26.10.-23.11.16.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløyseringar.
3. Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følgje av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.
4. Fylkestinget tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Ein vil då ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.

I høve fylkestinget sin føresetnad i punkt 2, har no fylkestinga i Hordaland (5. oktober) og Rogaland (25. oktober) vedteke å leggje intensjonsplanen ut på offentlig høyring.

Målet med høyringa

Målet med høyringa er å få inn grunngevrne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma. Vi ønskjer tilbakemelding frå kommunane, fylkesdekkande organisasjonar og andre. Intensjonsplanen bør belyst frå fleire sider og på ein grundig måte.

Reforma får særleg konsekvensar for samhandlinga mellom kommunane, regionnivået og staten. Ved handsaminga av stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» 8. juni 2016 framheva Stortinget at kommunane bør engasjere seg i reformarbeidet.

Kva ønskjer vi synspunkt på?

Fylkeskommunen sitt utgangspunkt er at eit fleirtal på Stortinget, ved handsaminga av stortingsmelding 22, la til grunn at tal fylke skal reduserast frå 19 til om lag 10 regionar. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylket vårt ikkje skal delast, men eventuelt gå samla inn i ein ny og større region.

Fylkeskommunen ber høyringsinstansane særleg om tilbakemelding på følgjande tema:

Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til (jf. vedlegg 1).

Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion. Dette kan også vere supplement til «kravlista» som ligg i punkt 10 i nemnde intensjonsplan.

Offentleg høyring

Forvaltninga skal opplyse saker så godt som mogleg før endelege vedtak vert gjort. Fylkestinget legg intensjonsplanen ut på høyring for at innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og offentleg forvaltning skal få seie si meining i eit viktig spørsmål for samfunnsutvikling og tenestetilbod.

Alle som ønskjer det kan uttale seg. Alle må halde fristen som er sett til **23.november 2016**. Ein kan ikkje rekne med at for seint innkomne høyringsuttaler vil bli handsama.

Høyringsfråsegner merka «**Regionreforma på Vestlandet**» kan sendast post@sfj.no.

Fråsegnene er offentlege etter offentleglova og vert publiserte på nettsidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Alle uttaler vil også inngå i fylkestinget sitt drøftingsgrunnlag ved endeleg handsaming av ein eventuell søknad til Stortinget om å etablere ein vestlandsregion.

Med helsing

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland (15.09.2016)
2. Regionreforma på Vestlandet – utgreiing for etablering av Vestlandsregionen (05.10.2016)
3. Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland – fylkesrådmannen si saksutgreiing til fylkestinget (18.10.2016)

Høyringsinstansar:

1. Kommunane i Sogn og Fjordane
2. Regionale statsetatar
3. Fylkesdekkande organisasjonar
4. Alle andre som ønskjer å gje uttale